
Saksnr: 2021/45041-3
Saksbehandlar Petter Tønjum
Dato: 14.09.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Svar på spørsmål om inntak til vidaregåande skular på særskilt grunnlag

Viser til notat frå kontrollutvalet datert 26.08.21, der representanten Iril Schau Johansen har stilt følgjande spørsmål:

- 1. Når nokon søker på særskilt grunnlag, vert det søkt lenge før skulestart. Er det vanleg praksis ved fylket sine vidaregåande skular å ikkje lysa ut naudsynte stillingar i tide, for å spare pengar? Er dette i så fall ein lovleg praksis?*

Det er vanleg praksis at dei vidaregåande skulene sikrar rett kompetanse i forkant av at elevane startar opplæringa si. Fylkeskommunedirektøren vil her gjere greie for prosessen det her er stilt spørsmål om. Søklarar med fortrinnsrett og søklarar til individuell behandling har søknadsfrist 1. februar. Søklarar med fortrinnsrett får vedtak om inntak innan 20. mai, medan søklarar etter individuell behandling får vedtak om inntak 8. juli. Før inntaket er avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse i dialog med skulane om elever som skal tas inn på skulen. Dei vidaregåande skulane har overføringsmøte med elev, føresette og avgjevarskule for dei som søker med frist 1. februar. PPT ved rettelingstenestene kan og gje støtte i særlege tilfelle.

Etter kartlegging av ressursbehova vurderer skulen om det er behov for fleire tilsette. Skulen kan melde ressursbehov til avdelingsdirektøren dersom skulen ikkje kan dekke dette gjennom det ordinære budsjettet.

- 2. Er det lov å ikkje gje ungdom den utdanninga dei har rett på, og er komme inn på?*

Søklarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på. Når ein elev har fått eit opplæringstilbod og takka ja til dette, har fylkeskommunen plikt til å gje eleven dette tilbodet. Eit tilbod er eit enkeltvedtak, og fylkeskommunen har ansvar for å gjere naudsynte tilpassingar for å sikre elevens opplæring. Skulen kan avtale med føresette å utsette oppstarten av skuleåret.

Fylkeskommunedirektøren vil med bakgrunn i denne saka ha dialog med skulane om at alle elevar som er tekne inn ved skulen skal ha eit tilbod ved oppstart av skuleåret.